



VOSS KOMMUNE

Tekniske tenester

RETNINGSLINER FOR AVKJØRSLER TIL KOMMUNAL VEG

Stadfesta av Rådmannen 19/5 2008

1. SAKSHANDSAMING:

1.1 Alle søknadar om ny eller endra avkjørsle vert handsama etter Veglova §40. Ny eller endra avkjørsle som er vist i reguleringsplan vert handsama etter *Plan* og *Bygningslova* (byggesak) og treng ikkje handsamast etter Veglova. Desse retningslinjene gjeld likevel også i regulert område.

2. REGELVERK:

2.1 For vilkår til avkjørsler gjeld Veglova §43. For emne som ikkje er dekka av desse retningslinene gjeld "Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg".

2.2 Ved endring av eksisterande avkjørsler vert retningslinene normalt gjort gjeldande.

2.3 Kommunen kan setje andre vilkår der dette er nødvendig. I gatemiljø, i svært bratt terren og i andre spesielle tilfeller vil særskilde vurderingar leggjast til grunn.

3. OVERVATN:

3.1 Avkjørsla skal byggjast slik at overvatn frå avkjørsla ikkje renn inn på den kommunale vegen. Den må òg byggjast slik at overvatn frå den kommunale vegen ikkje renn inn på den private vegen.


3.2 I avkjørsla skal det leggjast køyresterkt røyr med minimum diameter Ø 250 mm som bind grøfta langs communal veg saman. Vatn i grøfta skal ha fritt løp inn i og ut av røyret, og om nødvendig skal grøfta gravast opp slik at det vert fall bort frå avkøyringspunktet.

3.3 Langs innsida av privat veg til avkjørsla skal det etablerast eigna grøft og vegen skal haldast slik at vatn renn inn i denne. Om nødvendig må sokjar etablere inntakskum og stikkrenne for å leia overvatn bort.

4. KRAV OM SNUPLASS:


4.1 Det skal vere mogleg å snu på eigen grunn. Felles private vegar kan ha felles snuplass. Delar av snuplass kan vere inne i garasje osv.

Minste krav til snuplass for bustadeigedommar er vist under. Andre typar må prosjekterast særskilt.



5. FRISIKTSONER:

5.1 Det skal vera fri sikt i ei sone langs den kommunale vegen på kvar side av avkjørsla. Frisiktsona vert bestemt av bruken og fartsnivået på vegen, ikkje fartsgrensa.



5.2 Frisiktsona skal ikkje ha sikthindringar høgare enn 0,5 m over den kommunale vegen.

5.3 I bustadstrøk der fartsnivået er under 30 km/h kan avstand frå siktpunkt til vegen reduserast til 2m, men likevel minst 2m frå innside av evt fortau.

6. SVINGRADIUS:

Minste krav til svingeradius er vist i figurane under.

6.1 Alle bu- og drifts- einingar i alle bygningar skal takast med.
Fritidsbustader vert rekna likt som bueiningar.

Fig 1; Avkjørsle 1 - 3 einingar, skogsvegar osv; Type P (personbil):





Fig 2; Avkjørsle meir enn 3 einingar, gardsbruk, næring, o.l ; Type LL (Liten Lastebil):



6.2 Andre avkjørsler vert rekna som kryss og skal dimensjonerast etter Statens Vegvesen sine vegnormalar

7. FALL / STIGNING:

7.1 Det skal vere fall bort frå vegen den første 1 m. Samla stigning eller fall dei første 5 m skal ikkje vere meir enn 1:15 (33 cm).

7.2 Vidare bør ikkje vegar byggjast brattare enn 1:8. For landbruksvegar, skogsvegar og liknande; ikkje brattare enn 1:6.

8. AVSTAND MELLOM AVKJØRSLER

8.1 Minste avstand mellom to avkjørsler er 2 gonger stopplengda som vist i skissa for frisiktsoner i pkt 5 (Eks: 40 m mellom avkjørsler der farten er 30 km/h)

9. KRYSSING AV FORTAU

9.1 Ved kryssing av fortau skal kantstein senkast til 5 cm over vegbana.

10. VEDLIKEHOLDSANSVAR

10.1 Avkjørselen med tilhøyrande frisiktzone, røyr og stikkrenner skal haldast ved like av grunneigar eller brukar, utan omsyn til kven som kosta eller bygde avkjørselen

10.2 Kommunen har ansvaret for å halde røyr/stikkrenner under avkjørselen open. Jfr. Veglova § 43

11. RETT TIL Å STENGJE ELLER KREVJE UTBETRING

11.1 Dersom avkjørla ikkje vert opparbeida etter vilkåra som er sett kan kommunen krevje avkjørla stengd eller utbetra for eigar si rekning.

11.2 Dersom avkjørla med tilhøyrande frisiktsoner, røyr og grøfter ikkje vert halden ved like kan kommunen krevje avkjørla stengd eller utbetra for eigar si rekning.

Før alle gravearbeid i eller nær (3 m) kommunal veg tar til skal det føreliggje graveløyve med tilhøyrande varslingsplan (skiltplan).